



Dåpsbarnet sist søndag var Åge Korsvold. Her saman med vikarprest Arne Nataas og foreldra Marianne og Per Korsvold.

For ei veke sidan, søndag 20. oktober, var det familiegudsteneste med born og ungdom i sentrale roller. Gjennomføringa var ein del av trusopplæringsprogrammet med Fest på slottet, utdeling av bok/pakke til 4, 5 og 6 åringane og song av Emmie og Runa frå Singing Tweens. Dåpsbarnet denne gongen var Åge Korsvold.



Det var stor interesse då presten bad borna frå dåpsfamilien koma opp for å kjenna på temperaturen i dåpsvatnet. Kwart sokn i Kvinnherad har sin eigen trusopplæringsplan, vedteken i det lokale soknerådet. Tårnagnethelg, samlinga for 4-, 5 og 6 åringane, Småbornstreff (i samarbeid med Indremisjonen) og familiegudsteneste med innslag frå borna er berre nokre av dei mange tiltaka i programmet.



Emmie og Runa frå Singing Tweens syng krystallklart. Musikalsk leiar er Eva Megyesi.

Alt fredag 1. november er alle 7. klassingane inviterte til NARNIA samling med film og aktivitetsløype. Samlinga er på dagtid på Uskedal skule og i hallen. Dagen vert avslutta med samling i kyrkja.

På gudstenesta sist helg var det kyrkjekaffi. Oliver og Nikolai frå konfirmantane var med og køyrde lyd.

Vikarpresten, Arne Nataas, kantor Eva Megyesi, trusoppleiarane Toril Langeland og Kristine Hestad var alle med og engasjerte borna til medverknad og innslag. Nelly Kjærland var med. Ho er leiar for songgruppa Singing Tweens.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Konfirmantane Oliver Enes og Nikolai S. Vågen er ansvarlege for god lyd.